Sekretariatet journalfører og arkiverer henvendinga i tråd med rutinar for journalføring og arkivering. Sekretariatet gjer ei vurdering av innhaldet i henvendinga i forhold til kontrollutvalet sitt mandat, «trafikklysmodellen» og vanlege krav til saksbehandling. Dersom henvendinga openbart er utanfor kontrollutvalet sitt mandat, svarer sekretariatet avsendar i tråd med pkt. 4 og legg henvendinga og svaret fram for kontrollutvalet til orientering.

Alle andre henvendingar drøfter sekretariatet først med kontrollutvalet sin leiar. Om nødvendig kan sekretariatet gjere enkle avklaringar, for eksempel om henvendinga er til behandling hjå annan instans. Kontrollutvalet sin leiar avgjer om henvendinga skal settast opp som sak på sakslista.

For henvendingar som skal på sakslista, gjer sekretariatet ei vurdering av innhaldet i henvendinga og kjem med eit forslag til kontrollutvalet om korleis den kan handterast, i tråd med vanleg saksbehandling.

4. Tilbakemelding til avsendar

Alle som henvendar seg til kontrollutvalet må få tilbakemelding frå sekretariatet om at den er mottatt og blir vurdert. Om nødvendig vert det gitt det rettleiing om kva som er rett instans for henvendinga. Det vert føreslege å nytte teksten under:

Kontrollutvalssekretariatet har på vegne av kontrollutval motteke henvendinga di. Alle henvendingar til kontrollutvalet vert journalførte som innkomen post med namn på avsendar(-ar). Henvendinga di vert lagt fram for kontrollutvalet til vurdering.

Utan at vi har vurdert henvendinga di, vil vi på generelt grunnlag seie at det i hovudsak er utanfor kontrollutvalet sitt mandat og reglement å behandle henvendingar som m.a. gjeld klagesaker, saker som er til behandling i rettsapparatet, usemje i politiske vedtak eller varsel etter Arbeidsmiljøloven kap. 2a.

Vi gjer deg merksam på at kontrollutvalet kun har plikt til å behandle dei saker som kommunestyret ber dei om, eller der det går fram av kommunelova kapittel 23 og 24 <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2018-06-22-83> og forskrift om kontrollutval og revisjon i kommunar <https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2019-06-17-904>. Når det gjeld henvendingar frå andre enn kommunestyret, må kontrollutvalet sjølve vurdere om dei vil prioritere å sjå nærare på det henvendinga tek opp.

Vi gjer også merksam på at kontrollutvalet ikkje er eit forvaltningsorgan som fattar enkeltvedtak etter forvaltningslova § 2. Personar som henvendar seg til kontrollutvalet er ikkje å rekne som part i ei eventuell påfølgjande kontrollsak. Det vil derfor ikkje vere klagerett på vedtak gjort av kontrollutvalet, eller andre partsrettar etter forvaltningslova § 28 knytt til vedtak gjort av utvalet.

Du vil etter behandlinga i kontrollutvalet verta orientert om vedtaket, men som det går fram over vil du ikkje ha klagerett på vedtaket.

5. Partsrettar

Avsendar har ingen partsrett i ei eventuell sak som vert behandla i kontrollutvalet. Avsendar har heller ingen klagerett på kontrollutvalet sitt eventuelle vedtak om å ikkje gå vidare med saken.

6. Kontrollutvalet si vurdering og prioritering

På grunnlag av saksutgreiinga frå sekretariatet vurderer kontrollutvalet i møte, om og eventuelt korleis henvendinga skal følgjast opp. Kontrollutvalet kan bruke «trafikklysmodellen» som hjelp i si vurdering av om henvendinga egner seg til oppfølging av kontrollutvalet.

Kontrollutvalet må i tillegg vurdere om utvalet har ressursar til å følgje opp den aktuelle problemstillinga.

7. Kontrollutvalet sine handlingsalternativ

Kontrollutvalet sine handlingsalternativ kan vere:

- a. Kontrollutvalet vurderer at dette ikkje er ei sak som kontrollutvalet vil følge opp og tek henvendinga til orientering. Saken vert avslutta.
- b. Kontrollutvalet vedtek å følge opp henvendinga ved å be om meir informasjon. Utvalet kan for eksempel be kommunedirektøren om å gje informasjon i neste møte. Utvalet kan også be sekretariatet om å hente inn meir informasjon.
- c. Kontrollutvalet vedtek å følge opp henvending med ei kontrollhandling.

8. Dersom henvendinga skal følgast opp med ei kontrollhandling

Dersom kontrollutvalet meiner at henvendinga dreier seg om eit saksfelt som utvalet bør sjå nærare på, må kontrollutvalet vurdere følgjande:

- Resulterer ei risiko- og vesentlegvurdering at utvalet skal bruke ressursar på saken, no eller seinare?
- Kva kontrollaktivitet er det mest hensiktsmessig å sette i verk dersom det skal gjennomførast ein kontroll?
- Skal den aktuelle henvendinga brukast direkte i sjølve kontrollen eller skal den brukast indirekte til å indikere risikoen på eit område?

Dersom forvaltningsrevisjon eller eigarskapskontroll er aktuell kontrollaktivitet, kan saksfeltet settast på planen for forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll når det skal

utarbeidast ny plan eller planen skal rullerast. Eventuelt kan saksfeltet bli inkludert i formål og/eller problemstillingar i ein forvaltningsrevisjon/eigarskapskontroll som skal bestillast. Dersom utvalet vedtek å bestille ein forvaltningsrevisjon eller annan undersøking, føl vi vanlege prosedyrar for dette, jf. pkt. 9.

9. Vidare behandling

Den vidare saksbehandlinga føl dei vanlege rutinane i tråd med bestillar/utførar-modellen, tilsvarande som for ein forvaltningsrevisjon eller den kontrollforma som er valt av kontrollutvalet.



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/113-2

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	16/22	14.09.2022

Budsjett 2023 for kontrollutvalet

Forslag til innstilling

1. Kontrollutvalet godkjenner budsjettforslaget for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.
2. Budsjettforslaget skal følgja sak med budsjettarbeidet fram til handsaming i kommunestyret.
3. Kommunestyret gjer endeleg vedtak om budsjett for kontrollarbeidet i 2023.

Samandrag

Kontrollutvalet har ansvar for utarbeiding av forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen. Forslaget skal følgje innstillinga til årsbudsjettet til kommunestyret, som gjer endeleg vedtak i budsjettsaka.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I forskrift for kontrollutvalg og revisjon kan ein i § 2 «Kontrollutvalgets rolle i fastsettelsen av budsjett for kontrollarbeidet» står det:

«Kontrollutvalget skal utarbeide forslag til budsjett for kontrollarbeidet i kommunen eller fylkeskommunen. Forslaget skal følge innstillingen til årsbudsjettet etter kommuneloven § 14-3 tredje ledd til kommunestyret eller fylkestinget.»

I reglement for politiske organ, som er vedteke av kommunestyret 25.09.2013, ajourført i februar 2018 står det i pkt. 4.6.2:

Kontrollutvalet skal ha eige budsjett som omfattar kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Kontrollutvalet skal laga forslag til budsjett, som skal følgja formannskapet si innstilling til kommunestyret.

I tråd med forskrifta og reglementet fremjar kontrollutvalet med dette sitt forslag til budsjett for 2023. I budsjettframlegget bereknar kontrollutvalet kostnad med dei oppgåver budsjettet skal dekkja. Det som er særskilt med kontrollarbeidet er at det eigentleg er administrasjonen som vert revidert. Såleis skal kontrollutvalet, i budsjettsaka, innstilla direkte overfor politisk organ.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet skal utarbeide budsjettforslag for kontrollarbeidet, medan det er kommunestyret som har vedtakskompetansen i saka, jf. forskrift om kontrollutvalg og revisjon § 2.

Vurderingar og verknader

Lovgrunnlag.

§ 23-2.Kontrollutvalgets ansvar og myndighet

Kontrollutvalget skal påse at

- a) kommunens eller fylkeskommunens regnskaper blir revidert på en betryggende måte
- b) det føres kontroll med at den økonomiske forvaltningen foregår i samsvar med gjeldende bestemmelser og vedtak
- c) det utføres forvaltningsrevisjon av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet, og av selskaper kommunen eller fylkeskommunen har eierinteresser i
- d) det føres kontroll med forvaltningen av kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser i selskaper mv. (eierskapskontroll)
- e) vedtak som kommunestyret eller fylkestinget treffer ved behandlingen av revisjonsrapporter, blir fulgt opp.

§ 23-3.Forvaltningsrevisjon

«Forvaltningsrevisjon innebærer å gjennomføre systematiske vurderinger av økonomi, produktivitet, regeletterlevelse, måloppnåelse og virkninger ut fra kommunestyrets eller fylkestingets vedtak.»

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan som viser på hvilke områder det skal gjennomføres forvaltningsrevisjoner. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens eller fylkeskommunens virksomhet og virksomheten i kommunens eller fylkeskommunens selskaper. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for forvaltningsrevisjon.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

§ 23-4.Eierskapskontroll

«Eierskapskontroll innebærer å kontrollere om den som utøver kommunens eller fylkeskommunens eierinteresser, gjør dette i samsvar med lover og forskrifter, kommunestyrets eller fylkestingets vedtak og anerkjente prinsipper for eierstyring.

Kontrollutvalget skal minst én gang i valgperioden, og senest innen utgangen av året etter at kommunestyret eller fylkestinget er konstituert, utarbeide en plan for hvilke eierskapskontroller som skal gjennomføres. Planen skal baseres på en risiko- og vesentlighetsvurdering av kommunens og fylkeskommunens eierskap. Hensikten med risiko- og vesentlighetsvurderingen er å finne ut hvor det er størst behov for eierskapskontroll.

Planen skal vedtas av kommunestyret og fylkestinget selv. Kommunestyret og fylkestinget kan delegerer til kontrollutvalget å gjøre endringer i planen.»

Formuleringane i desse paragrafane viser at hovudoppgåvene til kontrollutvalet er å gjennomføra prosjektarbeid ut frå dei planar som kommunestyret har vedteke. I 2020 vart det etter kommunelova utarbeida nye planar.

I kontrollutvalet sitt budsjett bør det leggjast inn midlar til å gjennomføra prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll i tråd med planane. Ut frå gjeldande planar vil prosjektarbeid krevje ei ramme på omlag 300 timar for kommunar med Fitjar kommune sin storleik.

Erfaring frå kommunane dei siste åra viser at det kjem til prosjekt, som kontrollutvalet vert oppmoda om å sjå på, og som ikkje er med i planar for forvaltningsrevisjon / eigarskapskontroll. Dette har ofte ført til kostnader som har medført at kontrollutvalet har måtta be om ekstra midlar / ekstraløyving. Sekretariatet meiner difor at det vil vera rett å legga inn i budsjettet ein post for ekstra tiltaksmidlar. Dette vil vera midlar som er tenkt til ev. ad-hoc oppgåver, til dømes tiltak som måtte koma til utanom prosjekt frå planane og til utgreiingar som kontrollutvalet finn naudsynt å gjennomføra undervegs i året. Grunnlag for slike ekstra oppgåver kan t.d. vera henvendingar frå innbyggjarar, medieoppslag eller bestillingar frå kommunestyret som ikkje står i godkjend plan. Det er lagt inn 50.000 kroner til denne posten i budsjett for 2023. Dette var også med i budsjettforslaget for 2022.

For revisjonstenestene er det teke utgangspunkt i avtalen med ekstern revisor. Budsjettert kostnad med revisjon skal dekkja både arbeid med rekneskapsrevisjon og anna revisjonsarbeid, t.d. prosjekt innan forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll. For 2023 er det budsjettert med auke i tråd med SSB sine berekningar.

Vidare er det lagt til grunn 5 møte i kontrollutvalet i 2023, med om lag like stor saksmengd som inneverande år. Det er vidare lagt inn kostnader med kurs, og at medlemmane i kontrollutvalet kan delta på fagkonferansar samt servering på utvalsmøta. Elles er det lagt inn møtegodtgjersle og tapt arbeidsforteneste i tråd med godtgjerslereglementet til kommunen.

Budsjettposten som gjeld sekretariatstenester for kontrollutvalet er sett opp ut frå planlagt aktivitet og tal møte. Kostnader er berekna i tråd med avtale som er inngått mellom Fitjar kommune og Vestland fylkeskommune. For 2023 er det budsjettert med auke i tråd med SSB sine berekningar.

Konklusjon

På slik bakgrunn tilrår sekretariatet at kontrollutvalet godkjenner framlegg til budsjett. Budsjettframlegget skal så følge sak med budsjettarbeid fram til handsaming i kommunestyret. Det er kommunestyret som skal gjera endeleg vedtak når det gjeld budsjett for kontrollarbeidet i Fitjar kommune.

Budsjettforslag for kontrollutvalet i Fitjar kommune for 2023

Konto	Tekst	Budsjett forslag 2022	Vedteke budsjett 2022	Budsjett forslag 2023
10803	Godtgjersle folkevalde	kr 53,352	kr 53,352	kr 57,473
10804	Tapt arbeidsforteneste	kr 10,000	kr 10,000	kr 10,000
10804	Feriepenger tapt arbeidsforteneste	kr 1,200	kr 1,200	kr 1,200
	Delsum	kr 64,552	kr 64,552	kr 68,673
10990	Arbeidgiveravgift (AGA)	kr 9,102	kr 9,102	kr 9,683
	Delsum	kr 73,654	kr 73,654	kr 78,356
11008	Faglitteratur / abonnement	kr 2,000	kr 2,000	kr 2,000
11152	Servering møter / kurs, representasjon	kr 2,500	kr 2,500	kr 2,500
11500	Kurs og folkevaldopplæring	kr 30,000	kr 30,000	kr 10,000
11600	Skyss- og kostgodtgjersle	kr 10,000	kr 10,000	kr 5,000
11951	Kontingent	kr 3,700	kr 3,700	kr 3,700
12702	Andre konsulentten./ ekstra tilt.midlar	kr 50,000		kr 50,000
13500	Kjøp fylkeskom. sekretariatstenester	kr 184,350	kr 184,350	kr 191,500
13700	Revisjonstenester reknesk.revisjon	kr 145,000	kr 145,000	kr 154,860
13700	Revisj.ten. forvaltn.rev./eigarskapskontr.	kr 370,500	kr 185,000	kr 395,694
	Delsum	kr 798,050	kr 562,550	kr 815,254
14290	Meirverdiavgift	kr 196,988	kr 95,920	kr 202,639
17290	Moms-kompensasjon	kr -196,988	kr -95,920	kr -202,639
	Total budsjettramme	kr 871,704	kr 636,204	kr 893,610



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/121-3

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	17/22	14.09.2022

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval

Forslag til vedtak

Kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga til orientering.

Samandrag

Gjennomgang av møteprotokollar frå andre politiske utval er nyttig for å halde seg orientert om kva som skjer i kommunen og andre politiske utval. Det vert tilrådd at kontrollutvalet tar ein gjennomgang av disse.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske organ vert sett på saklista til kontrollutvalet til kvart møte. Møteprotokollane kan lastast ned frå Fitjar kommune si heimeside. Protokollane gjev primært informasjon om dei sakene som har vore til politisk handsaming. Kontrollutvalet kan be om nærare informasjon om enkeltsaker og drøfte ulike problemstillingar som ein finn av særleg interesse.

Kontrollutvalet har gjort vedtak om at ansvar for gjennomgang av møteprotokollar skal fordelast slik:

Politisk organ:	Kontrollutvalsmedlem:
Kommunestyret	Kjell Aleksander Skogsrud
Formannskapet	Björg Tislevoll
Utval for plan og miljø	Gro Rydland
Utval for oppvekst og omsorg	Jostein Sandvik
Viltnemnda	Frank Solli

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om gjennomgang av møteprotokollar, jf. kommunelova § 23-2.

Vurderingar og verknader

Utvalsmedlemane vert bedne om å sjå gjennom innkallingar og møteprotokollar som det er aktuelt å referere saker frå til dette møtet.

Politisk organ:	Møtedatoar:
Kommunestyret	04.05.2022 og 22.06.2022
Formannskapet	15.06.2022 og 20.06.2022
Utval for plan og miljø	24.05.2022, 07.06.2022 og 21.06.2022
Utval for oppvekst og omsorg	01.06.2022
Viltnemnda	13.06.2022

Konklusjon

Dersom det ikkje kjem fram noko spesielt i gjennomgang av protokollane, blir det tilrådd at kontrollutvalet tar møteprotokollane som går fram av saksutgreiinga over til orientering.



Fitjar kommune,
Postboks 83,
5418 FITJAR

Saksbehandlar, innvalstelefon
Håvard Rød, 5557 2143

Fitjar kommune - budsjett 2022 og økonomiplan 2022 - 2025

Fitjar kommunestyre har i møtet 8. desember 2021, sak 82/21, handsama og vedteke budsjett 2022 og økonomiplan for 2022 - 2025. Vi har motteke saksdokumenta til orientering. Kommunestyret har gjort vedtak om budsjettrevisjon i møte 22. juni d.å.

Kommunen er ikkje under statleg kontroll og godkjenning. Budsjett og økonomiplan er difor ikkje kontrollert etter kommunelova § 28-1 (Robek-registrerte kommunar). For alle kommunar kontrollerer Statsforvaltaren at budsjett og økonomiplan er i balanse. Dette brevet er ei tilbake-melding om korleis vi vurderer økonomien til kommunen og utviklinga slik ho er planlagt i budsjett og økonomiplan.

Kommunal- og distriktsdepartementet har sett i gang eit treårig forsøk for å skape ei tettare kopling mellom det bustadsosiale arbeidet og andre kommuneretta oppgåver hjå Statsforvaltaren i Vestland. I forsøksperioden er Husbanken sine oppgåver for dette fagområdet overførde til Statsforvaltaren. Eit godt bustadsosialt arbeid vil over tid vere lønsamt for kommunane, og til rettleiing og oppfølging av kommunane vil vi m.a. bruke informasjon frå budsjett og økonomiplanar. Vi ber difor om at kommunane frå 2023 omtalar mål og tiltak innafør det bustadsosiale arbeidet i budsjettdokumenta.

Oppsummering

Kommunen bør oppretthalde disposisjonsfondet om lag på det same nivået som ved utgangen av 2021, det vil seie på om lag 12 prosent av driftsinntektene i åra framover.

Gjeldsauken i åra framover bør bli moderat. Kommunen må unngå at den langsiktige lånegjelda blir over 90 prosent av brutto driftsinntekter, i samsvar med måtalet som kommunestyret har vedteke om øvre grense for langsiktig gjeld.

Budsjett 2022

I rekneskapen for 2021 er det eit netto driftsoverskot med kr 1,7 mill. Det utgjer 0,5 prosent av driftsinntektene i 2021.



Netto driftsoverskot i det opphavlege budsjettet for 2022 var kr 1,0 mill. Det utgjorde 0,3 prosent av driftsinntektene.

Kommunen budsjetterte opphavleg med kr 99,6 mill. i skatt på eige og inntekt for 2022. Ordinær skatt og rammetilskot var budsjettert med til saman kr 211,6 mill. I vedtak om budsjettrevisjon er dei frie inntektene auka til kr 221,6 mill., fordelt med kr 104,2 mill. på skatt og kr 117,4 mill. på rammetilskot. I dette inntektsoverslaget er det innarbeidd pårekna kompensasjon også for meir-utgifter til korona i år.

Inntektsprognosen frå KS for 2022 er oppdatert etter revidert nasjonalbudsjett og kommune-proposisjonen. Pårekna auka frie inntekter i revidert nasjonalbudsjett må bli sett i samanheng med pårekna auka pris- og kostnadsvekst for kommunane i år.

Kommunestyret har gjort vedtak om eigedomsskatt på faste eigedomar i heile kommunen. Eigedomsskattesatsen er sett til 6,0 promille på næringseigedomar og 2,0 promille på andre eigedomar. Det er budsjettert med kr 20,7 mill. i eigedomsskatt for 2022. Innkomen eigedomsskatt i 2021 var i underkant av kr 20,5 mill.

Det er innarbeidd inntekter frå Havbruksfondet med kr 1,9 mill. årleg, og eit tillegg på kr 4,4 mill. i dei åra det er utbetaling frå auksjonar, det vil seie i 2022 og 2024 i planen. I samband med budsjettrevisjon er pårekna tilleggsutbetaling frå auksjon auka med kr 1,0 mill. til kr 5,4 mill. i dei aktuelle åra.

Det var opphavleg budsjettert med kr 11,1 mill. i ordinære avdrag (utanom avdrag på formidlingslån). I vedtak om budsjettrevisjon er dei ordinære avdraga auka til kr 12,5 mill. for å oppfylle minimumskravet.

I 2022 er det planlagt brutto investeringar for til saman kr 60,5 mill. Av dette utgjør avgifts-finansierte investeringar i VAR-sektoren kr 13 ½ mill. Dei største investeringane er i barnehage og ferdiggjering av ny brannstasjon.

Investeringane i vatn og avlaup blir lånefinansierte fullt ut. Dei andre investeringane blir i hovudsak finansierte med bruk av lån. Andre investeringar blir også finansierte med moms-kompensasjon.

Det var opphavleg vedteke å ta opp lån på inntil kr 48,0 mill. til investeringsføremål i 2022. På grunn av høgare byggekostnader enn tidlegare lagt til grunn for ny barnehage, er det gjort vedtak om å auke samla lån til investeringar i år til om lag kr 53 mill. Det blir dessutan teke opp startlån til vidare utlån med kr 2,0 mill.

Det er budsjettert med eigenkapitalinnskot i KLP med kr 710.000,- og kjøp av aksjar med kr 3,0 mill. i eige utviklingselskap i kommunen. Eigenkapitalinnskot og eventuelt kjøp av aksjar blir finansierte med bruk av ubundne investeringsfond.

Kommunen si brutto langsiktige lånegjeld ved utgangen av 2021 var kr 247,4 mill., medrekna startlån til vidare utlån. Dette utgjør 75,2 prosent av sum driftsinntekter i 2021. Lånegjelda var til same tid om lag kr 79.400,- per innbyggjar.



Kommunen sitt disposisjonsfond var kr 39,1 mill. ved utgangen av 2021. Det utgjør 11,9 prosent av driftsinntektene i 2021.

Kommunen har brukt kr 16 mill. av disposisjonsfondet i 2021 til å finansiere investeringar, i staden for å lånefinansiere investeringane. Det vart difor ikkje teke opp lån til investeringar i 2021, berre startlån til vidareutlån.

Økonomiplan 2022 - 2025

Økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale planar skal følgjast opp. Saman med årsbudsjettet skal han vise kommunestyret sine prioriteringar og løyvingar og dei mål og premisser som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Kommuneplanens handlingsdel, med same formål, kan inngå i økonomiplanen.

Det er i økonomiplanen innarbeidd ei ny årleg avgiftsinntekt på kr 4,0 mill. frå 2023. Det er produksjonsavgift frå vindkraft på land. Årleg avgiftsinntekt kan bli noko høgare enn kr 4,0 mill. Første året i 2023 vil inntekta likevel kunne bli vesentleg lågare enn dette, avhengig av tidspunktet for iverksetjing.

I økonomiplanperioden er det lagt opp til netto driftsoverskot kvart år i planperioden. Det er planlagt noko større netto driftsoverskot enn i år for dei neste åra i planperioden, særleg i 2024. Det har samanheng med den pårekna avgiftsinntekta frå vindkraft på land, og tilleggsutbetaling frå Havbruksfondet. Dessutan kan grunnlaget for eigedomsskatt bli auka.

Dei største planlagde investeringane i økonomiplanperioden er i barnehage (2022 og 2023) og renovering av gymsal. Dessutan er det store planlagde investeringar innan VAR-sektoren. Dei planlagde investeringane i økonomiplanperioden vil føre til at lånegjelda kjem til å auke frå nivået ved utgangen av 2021.

Finansielle måltal

Etter kommunelova skal kommunestyret sjølv vedta finansielle måltal med handlingsreglar for utvikling av økonomien til kommunen. Finansielle måltal skal nyttast i planlegging og styring, som grunnlag for å vareta den økonomiske handleevna over tid.

Kommunestyret har blant anna vedteke følgjande handlingsreglar/finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal vere på minst 1,0 prosent av brutto driftsinntekter.
- Langsiktig gjeld skal ikkje vere meir enn 90 prosent av brutto driftsinntekter.
- Fri eigenkapital skal vere minst 10 prosent av brutto driftsinntekter.

Statsforvaltaren sine vurderingar

Kommunen hadde eit svakt netto driftsresultat i rekneskapen for 2021. Det var også eit svakt netto driftsresultat i opphavleg budsjett for i år. For åra 2023 - 2025 er det rekna med ei styrking av netto driftsresultat på bakgrunn av auka inntekter frå vindkraft m.m.

Kommunen har i 2021 brukt kr 16 mill. av disposisjonsfondet til finansiering av investeringar, i staden for lånefinansiering av investeringane. Som følge av at det er betalt ordinære avdrag, er



den langsiktige lånegjelda redusert i 2021. Vi er positive til at kommunen har gjort dette tiltaket for å dempe lånegjelda. Svake netto driftsresultat er eit uttrykk for at auken i lånegjelda i åra framover bør vere moderat.

Kommunen bør oppretthalde disposisjonsfondet om lag på det same nivået som ved utgangen av 2021, i prosent av driftsinntektene. Vi rår difor kommunen til å oppretthalde disposisjonsfondet på om lag 12 prosent av driftsinntektene i åra framover. Fondsmidlar utover dette bør nyttast til investeringar slik at lånebehovet blir redusert.

Det er viktig at gjeldauken i åra framover blir moderat. Kommunen må unngå at den langsiktige lånegjelda blir over 90 prosent av brutto driftsinntekter, i samsvar med målalet som kommunestyret har vedteke om øvre grense for langsiktig gjeld.

Med helsing

Gunnar O. Hæreid
fung. statsforvaltar

Anne Kristin Eitungjerde
fung. kommunaldirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent



Fitjar kommune

Sekretariat for kontrollutvalet

Saksframlegg

Saksnr: 2022/117-3

Saksbehandlar: Helge Inge Johansen

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Fitjar kommune, Kontrollutvalet	18/22	14.09.2022

Eventuelt

Forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Samandrag

Det vert lagt opp til å ha eventuelt på saklista for å ivareta det enkelte medlem i utvalet si mogelegheit til sjølv å ta opp saker eller for å gje utvalet mogelegheit til å gjere vedtak i saker som ikkje er på saklista.

Hogne Haktorson
kontrollsjef

Helge Inge Johansen
spesialrådgjevar

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

Vedtak i kontrollutvalet 27.02.2020 i PS 7/20 der utvalet vedtok å ha eventuelt som sak i kvart møte.

Vedtakskompetanse

Kontrollutvalet har vedtakskompetanse til å handsame sak om eventuelt, jf. kommunelova § 11-3 og § 23-2.

Vurderingar og verknader

Dersom det blir tatt opp saker som krev nærare undersøkingar, eller innhenting av fleire opplysningar, før ein kan konkludere med at det er ei sak for kontrollutvalet, bør utvalet be sekretariatet førebu sak om dette til neste møte.

Konklusjon

Føremålet med saka er å gje opning for å få nærare undersøkingar av saker som kontrollutvalet ynskjer å få utgreidd til neste møte, eventuelt til eit seinare møte i utvalet. Saka kan utover dette nyttast til å be om orienteringar frå rådmannen eller andre i eit seinare møte.

From: "Serov, Ilja" <Ilja.Serov@bomlo.kommune.no>
Sent: Fri, 17 Jun 2022 07:59:29 +0000
To: "Hogne Haktorson" <Hogne.Haktorson@vlfk.no>; "Postmottak Bømlo kommune" <postmottak@bomlo.kommune.no>
Cc: "fredrik.litleskare@akersolutions.com" <fredrik.litleskare@akersolutions.com>; "Fredrik Litleskare" <fredrik.litleskare@sklbb.no>; "knut@kf-consulting.no" <knut@kf-consulting.no>; "r-ravna@online.no" <r-ravna@online.no>; "Bjorg Tislevoll" <bjorg.tislevoll@no.abb.com>; "lorentz.lunde@haugnett.no" <lorentz.lunde@haugnett.no>; "Gaute Straume Epland" <Gaute.Epland@stord.kommune.no>; "Magnus Mjør (Magnus.Mjor@stord.kommune.no)" <Magnus.Mjor@stord.kommune.no>; "hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no" <hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no>; "ragnhild.bjerkvik@kvinnherad.kommune.no" <ragnhild.bjerkvik@kvinnherad.kommune.no>; "Olsen, Sammy" <Sammy.Olsen@bomlo.kommune.no>; "Gjøsæter, Kjetil Aga" <Kjetil.Aga.Gjosaeter@bomlo.kommune.no>; "hary@fitjar.kommune.no" <hary@fitjar.kommune.no>; "gjhag@fitjar.kommune.no" <gjhag@fitjar.kommune.no>; "kaare.m.kleppe@tysnes.kommune.no" <kaare.m.kleppe@tysnes.kommune.no>; "steinar.dalland@tysnes.kommune.no" <steinar.dalland@tysnes.kommune.no>; "Roald Breistein" <Roald.Breistein@vlfk.no>; "Kjartan Haugsnes" <Kjartan.Haugnes@vlfk.no>; "Helge Inge Johansen" <Helge.Inge.Johansen@vlfk.no>; "Einar Kåre Ulla" <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>
Subject: SV: Forespørsel om forlengelse av avtalen om levering sekretariatstjenester for 5 kommunale kontrollutvalg i Sunnhordland

Hei,

Takk for positiv tilbakemelding. På bakgrunn av denne korrespondansen anses avtalen forlenget t.o.m. 31.12.22.

Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum fikk oppdrag av ordførere og kontrollutvalgene å gjennomføre et komplett anbudsprosess som innebærer planlegging, gjennomføring og tildeling av konkurransen. Innen kort tid vil ordførere i de respektive kommunene få tilsendt et tilslutningsbrev for signering og påmelding av representanter fra kontrollutvalgene som kommer til å delta i anbudsprosessen. Dette vil formelt starte anbudsprosessen.

Ver venleg å senda eventuelle førespurnader til postmottak@bomlo.kommune.no og gjerne med kopi til meg.

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Med helsing

Innkjøp

Ilja Serov

rådgjevar innkjøp/ehandel

Dir. tlf: 53 42 30 87

Mobil: 977 72 639

E-post: ilja.serov@bomlo.kommune.no

Bømlo kommune | Rådhuset | Leirdalen 1 | 5430 Bremnes | Tlf: 53 42 30 00

www.bomlo.kommune.no | www.facebook.com/bomlokommune | www.linkedin.com

<8384edea929d48d894987cffa4296e41@bomlo.kommune.no>

Fra: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@vlfk.no>

Sendt: 16. juni 2022 15:31

Til: Postmottak Bømlo kommune <postmottak@bomlo.kommune.no>; Serov, Ilja <Ilja.Serov@bomlo.kommune.no>

Kopi: fredrik.litleskare@akersolutions.com; Fredrik Litleskare <fredrik.litleskare@sklbb.no>; knut@kf-consulting.no; r-ravna@online.no; Bjorg Tislevoll <bjorg.tislevoll@no.abb.com>; lorentz.lunde@haugnett.no; Gaute Straume Epland <Gaute.Epland@stord.kommune.no>; Magnus Mjør (Magnus.Mjor@stord.kommune.no) <Magnus.Mjor@stord.kommune.no>; hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no; ragnhild.bjerkvik@kvinnherad.kommune.no; Olsen, Sammy <Sammy.Olsen@bomlo.kommune.no>; Gjørøseter, Kjetil Aga <Kjetil.Aga.Gjosaeter@bomlo.kommune.no>; hary@fitjar.kommune.no; gjeahag@fitjar.kommune.no; kaare.m.kleppe@tysnes.kommune.no; steinar.dalland@tysnes.kommune.no; Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>; Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugnes@vlfk.no>; Helge Inge Johansen <Helge.Inge.Johansen@vlfk.no>; Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>

Emne: SV: Forespørsel om forlengelse av avtalen om levering sekretariatstjenester for 5 kommunale kontrollutvalg i Sunnhordland

Hei!

Takk for hyggeleg førespurnad.

Vestland fylkeskommune v/ sekretariat for kontrollutvalet takkar ja til å forlenga noverande avtale med kommunane Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar og Tysnes, om sekretariatstenester for kontrollutvala, t.o.m. 31.12.22.

Fint at det vart avklaring før sommarferien d.å.

Me ser fram til framleis samarbeid med kommunane i Sunnhordland!

I e-posten nedanfor er opplyst om, slik me oppfattar, at det vert ny anbudsprosess til hausten. Me skal naturleg nok ikkje ha nokon rolle med den, men gje gjerne eit ord dersom me t.d. skal bidra med evt. å få til justering av møteplanar for kontrollutvala, slik at:

- 5 kontrollutval har høve til å ha sak om godkjenning av konkurransegrunnlaget
- 5 kontrollutval har sak om evaluering og innstilling, blant mottekne tilbod
- 5 kommunestyre skal rekka å gjera vedtak, fortrinnsvis i god tid før årsskiftet.

Sekretariatet vil naturlegvis fråtre når nemnte saker vert handsama, men det er ikkje uvanleg at handsaming vert teke på datoar der utvala likevel er samla, gjerne som siste sak.

Med helsing

Hogne Haktorson
kontrollsjef

sekretariat for kontrollutvalet

tlf: 91 10 59 82
www.vestlandfylke.no

Ver merksam på at all dialog på e-post kan bli journalført.

Fra: Serov, Ilja <Ilja.Serov@bomlo.kommune.no>

Sendt: torsdag 16. juni 2022 13:26

Til: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@vlfk.no>

Kopi: 'hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no' <hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no>;
'gaute.straume.epland@stord.kommune.no' <gaute.straume.epland@stord.kommune.no>;
'hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no' <hilde.enstad@kvinnherad.kommune.no>;
'kaare.m.kleppe@tysnes.kommune.no' <kaare.m.kleppe@tysnes.kommune.no>; Olsen, Sammy
<Sammy.Olsen@bomlo.kommune.no>

Emne: Forespørsel om forlengelse av avtalen om levering sekretariatstjenester for 5 kommunale kontrollutvalg i Sunnhordland

Viktighet: Høy

Hei,

Viser til gjeldende avtale med Vestland fylkeskommune om levering av sekretariatstjenester for kontrollutvalg i kommunene Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar og Tysnes. Kommunene i Sunnhordland trenger lengre tid på forberedelser av et nytt anbudsprosess.

På vegne av ordførerne i kommunene Stord, Kvinnherad, Bømlo, Fitjar og Tysnes ber Sunnhordland Interkommunale Innkjøpsforum om forlengelse av nåværende avtale. Avtalen ønskes forlenget ut året, t.o.m. 31.12.22.

Ver venleg å senda eventuelle førespurnader til postmottak@bomlo.kommune.no og gjerne med kopi til meg.

Ver merksam på at all dialog på e-post som er arkiverdig etter arkivlova vil bli registrert i vår offentlege postjournal.

Med helsing

Innkjøp Ilja

Serov

rådgevar innkjøp/ehandel

Dir. tlf: 53 42 30 87

Mobil: 977 72 639

E-post: ilja.serov@bomlo.kommune.no

Bømlo kommune | Rådhuset | Leirdalen 1 | 5430 Bremnes | Tlf: 53 42 30 00

www.bomlo.kommune.no | www.facebook.com/bomlokommune | www.linkedin.com

<53451d5fc3804ac6a31171d5a1254c97@bomlo.kommune.no>

OBS: Ekstern avsender. Kontroller at meldinga er ekte og at linkar / vedlegg er trygge.

Fra: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Sendt: 07.09.2022 12:35:11
Til: Helge Inge Johansen[Helge.Inge.Johansen@vlfk.no]
Tittel: VS: Nytt fra FKT

Fra: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@vlfk.no>
Sendt: onsdag 22. juni 2022 03:49
Til: Roald Breistein <Roald.Breistein@vlfk.no>; Kjartan Haugsnes <Kjartan.Haugnes@vlfk.no>; Helge Inge Johansen <Helge.Inge.Johansen@vlfk.no>; Einar Kåre Ulla <Einar.Kare.Ulla@vlfk.no>
Emne: VS: Nytt fra FKT

Til orientering!

HH

Fra: Forum for kontroll og tilsyn <fkt@fkt.no>
Sendt: tirsdag 21. juni 2022 12:12
Til: Hogne Haktorson <Hogne.Haktorson@vlfk.no>
Emne: Nytt fra FKT



Forum for
kontroll og tilsyn

Protokoll fra årsmøtet 2022

Forum for kontroll og tilsyn hadde årsmøte 8. juni i forbindelse med fagkonferansen på Lily Country Club, Kløfta. Årsmøtet gjorde en endring av vedtektene: I FKTs vedtekter pkt. 3 "hovedoppgaver" inntas følgende kulepunkt 5: *fremme og styrke kontrollutvalgenes og sekretariatenes uavhengighet*

[Årsmøteprotokollen](#)



Styrets sammensetting etter årsmøtet 8. juni 2022

Fra venstre: Solveig Kvamme (vara sekr), Terje Engvik, Liv Tronstad, Rita Holberg, Tom Øyvind Heitmann, Tage Pettersen (leder), Hilde Rasmussen Nilsen (vara sekr) og Jane Anita Aspen (nestleder). (Henning Warloe og Sven Castberg, begge vara pol., var ikke tilstede da blidet ble tatt.)

Ny veileder fra FKT - Håndtering av henvendelser til kontrollutvalget

Sentrale spørsmål – «Trafikksmodellen»				
Kryss på røde felt kan peke i retning av å ikke følge opp henvendelsen, mens kryss på grønne felt kan tale for å følge opp henvendelsen.	Ja	Delvis	Nei	Ukjent
Vedrører henvendelsen misnøye med et politisk fattet vedtak?	Red	Yellow	Green	
Dreier henvendelsen seg om en klage på et enkeltvedtak som kommunen har fattet?	Red	Yellow	Green	
Viser henvendelsen til lovbrudd, manglende etterlevelse av kommunale rutiner eller manglende oppfølging av kommunale vedtak?	Green	Yellow	Red	
Viser henvendelsen til en risiko knyttet til systemrutiner, praksis i kommunen mer generelt innenfor et område?	Green	Yellow	Red	
Dreier henvendelsen seg i hovedsak om en isolert hendelse?	Red	Yellow	Green	
Er henvendelsen under annen behandling i et annet organ? (rettsapparat, sivilombud, statsforvalter, KOFA, klageorgan i kommunen, varslingskanal)?	Red	Yellow	Green	
Er det annen naturlig behandlingsvei for henvendelsen (ref. organene nevnt over)?	Red	Yellow	Green	
Kan henvendelsen, og henvendelsens oppmerksomhet, bidra til at det stilles spørsmål om tilliten til kommunens saksbehandling av en type saker?	Green	Yellow	Red	
Berører henvendelsen et tema som kontrollutvalget allerede har vurdert som aktuelt for oppfølging i sin risiko- og vesentlighetsanalyse?	Green	Yellow	Red	
Foreligger området som et tema i plan for forvaltningsrevisjon eller plan for eierskapskontroll?	Green	Yellow	Red	
Kan en gjennomgang bidra til læring og forbedring?	Green	Yellow	Red	
Bør henvendelsen prioriteres foran andre planlagte oppgaver?	Green	Yellow	Red	

Forum for kontroll og tilsyn har ferdigstilt veilederen for håndtering av henvendelser til kontrollutvalget. Veilederen gir råd og anbefalinger som vi håper at kontrollutvalget vil diskutere og benytte til å utarbeide egne retningslinjer. Den er ment å være et supplement til Kontrollutvalgsboka.

Veileder



Kontrollutvalgsdagen, Skei 29. september 2022

FKT og NKRF inviterer til fagsamling for kontrollutval den 29. september 2022. [Hotell Thon Hotel Jølster](#)

Påmelding



Kontrollutvalgslederskolen 2022, 24. - 25. oktober

Høsten 2022 arrangeres Kontrollutvalgslederskolen på [Quality Airport Hotel Gardermoen](#), 24. – 25. oktober. Noter datoene, nærmere informasjon kommer. Det åpnes for påmelding i august.



Svar fra departementet på spørsmål om ordførers rett til å nekte å sette sak fra kontrollutvalget på sakslisten til kommunestyret

Kommuneloven § 23-5 første punktum bestemmer at kontrollutvalget skal rapportere resultatene av sitt arbeid til kommunestyret. Departementet antar at ordføreren ikke kan nekte å sette slike saker opp på sakslisten. Dette gjelder selv om ordføreren skulle mene at saken ikke er tilstrekkelig utredet.

Brev fra KDD



Lovlig lobbyisme eller ulovlig påvirkningshandel

Hva er ulovlig påvirkningshandel? Hvor går grensen til lovlig lobbyisme? I denne episoden diskuterer Erling Grimstad og Bjørn B. Mæland dette og gir eksempler på hvor denne grensen går. [Økokrimpodden](#) Advokatfirmaet Erling Grimstad AS



FKT ønsker alle en riktig god sommer !



Copyright © 2022 Forum for kontroll og tilsyn, All rights reserved.
Du mottar e-post fra Forum for kontroll og tilsyn fordi du har meldt deg på vårt nyhetsbrev.

Vår epostadresse:

Forum for kontroll og tilsyn
Kristian Augusts Gate 14
Oslo, Oslo 0164
Norway

[Add us to your address book](#)

Vil du endre hvordan du mottar nyhetsbrev fra oss?

Du kan [oppdatere dine innstillinger](#) eller [melde deg av vårt nyhetsbrev](#)

